

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	17.02.2021
Tid:	10:00-14:05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Kleppe Holgersen	Medlem	KRF
Sigrd Brattabø Handegard	Fungerande leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Tom Hiis Bergh	Medlem	V
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Merknader

Per Morten Ekerhovd deltok i møtet under handsaminga av PS 21, kl 11:35-11:40

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Konstituert fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Lotte Karoline Lynngård	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær
Ingrid Røystrand Birkelund	Seksjonssjef stab innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Dag Sundbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Jan Heggheim	Fagdirektør ekstern strategisk kontakt
Hans Inge Gloppen	Seniorrådgjevar for verdiskaping i byregionar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 4/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 5/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 12.01.21	2020/77170	
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 22.01.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 9/21	Faktanotat for elektrifisering av sokkelen og kraftnettsituasjonen i ytre deler av Vestland	2020/78117	
RS 10/21	Orientering om arbeid med batterifabrikketablering i Vestland	2021/2524	
RS 11/21	Oppdragsbrev for Statsbudsjettet 2021 - Tilskot til Vestland fylkeskommune	2020/79407	
RS 12/21	Vedk søknad om infrastrukturmidlar - hamn	2020/72391	
	Politiske saker		
PS 12/21	Handlingsplan 2021	2020/78418	
PS 13/21	Marin tiltaksplan 2021	2021/2421	
PS 14/21	Handlingsplan reiseliv 2021	2021/2528	
PS 15/21	Innspel frå Vestland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2021	2021/71	
PS 16/21	Oppdragsbrev Innovasjon Norge Vestland 2021	2021/1142	
PS 17/21	Søknad om tilskot til vitensenter	2021/1168	
PS 18/21	Nærings- og utviklingsfond i utsette kommunar og regionar	2020/72387	
PS 19/21	Deltaking i Mineralrådet Vestland - oppnemning av to medlemar til rådet, og orientering om mineralressursar og mineralnæring som saksfelt i fylkeskommunen	2020/75310	
PS 20/21	Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland	2020/73796	
PS 21/21	Oppdragsbrev SIVA 2021	2021/992	
PS 22/21	Debatthefte 2021, KS spør - Svar frå VLFK	2020/317	

Godkjenningssaker

GK 4/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

Saklista vart godkjend utan merknadar.

GK 5/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 12.01.21

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Møteprotokollen frå møte 12.01.21 vart godkjend utan merknader.

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 22.01.21

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Møteprotokollen frå møte 22.01.21 vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 9/21 Faktanotat for elektrifisering av sokkelen og kraftnettsituasjonen i ytre deler av Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

RS 9/21 vart referert.

RS 10/21 Orientering om arbeid med batterifabrikketablering i Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

RS 10/21 vart referert.

RS 11/21 Oppdragsbrev for Statsbudsjettet 2021 - Tilskot til Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

RS 11/21 vart referert.

RS 12/21 Vedk søknad om infrastrukturmidlar - hamn

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

RS 12/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 2/21 Spørsmål frå Taylor (MDG) - PS 13/2021 Marin tiltaksplan 2021

Følgjande spørsmål vart reist av representanten **Mark Taylor** (MDG) til «PS 13/2021 Marin tiltaksplan». Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling svarar.

1. Kan fylkeskommunen i dei vidaregåande skulane tilby ei breiare kompetanse, t.d. innan dyrkingsteknologi med tilbod om dyrking av tang, skjel og tunikat m.m. med løyve til å dyrke noko i fjorden utanfor skulen?

Svar:

Bakgrunnen for å få reist akvakulturhaller knyta til dei marine vidaregåande skulene med opplæringstilbod i Vg 2 Akvakultur er nettopp at elevane treng lokalitetar for praktisk undervisning m.a. i dyrking av «nye marine artar» for å oppfylle læreplanen sine mål om dette.

Skulene melder om at dette er tema dei ynskjer å få til på lenger sikt, men også her er det spørsmål om ressursar og prioritering på kva områder ein skal utvikle og kva vi har kapasitet til å drifte. Når det gjeld dyrking av mikroalgar er dette planlagt inn i nye fasilitetar ved Måløy vidaregåande skule. Austevoll vgs. får via sin undervisningskonesesjon tilgang til Ocean Forest AS sine blåskjel- og tare dyrkingsanlegg.

Mykje av dyrkinga av slike artar krev innandørs fasilitetar og lokalar for å gjennomføre dei ulike livssyklusfasane fram til dei kan settast i sjøen. Konesesjon til dyrking av nye marine artane må det søkjast spesifikt om. Slik søknad vil det bli jobba med når hallane nærar seg ferdigstilling.

2. Kan fylkeskommunen be om flytande lukka anlegg i undervisningskonesesjonar?

Svar:

Utleige av undervisningskonesesjonar er eit unnatak frå hovudregelen om at skulen/fylkeskommunen sjølve skal eige og drive konesesjonsbiomassa. Bakgrunnen for at fylkeskommunane får nytte dette unnataket er at elevane skal vere sikra å få relevant arbeidspraksis på større, kommersielle anlegg. I dag er det ikkje flytande lukka anlegg i ordinær kommersiell drift, men under utprøving hjå fleire aktørar. Det er ikkje mogleg å be næringsaktørane om dette pr. i dag i og med at teknologien ikkje er kommersialisert.

3. Kan dei vidaregåande skulane og Fagskulen gå til innkjøp av lukka merdar finansiert med fond knyta til undervisningskonesesjonar?

Svar:

Det er i dag ikkje lukka anlegg som er ferdig utprøvd og klar for kommersiell drift. Fonda skal nyttast til å vidareutvikle opplæringa i akvakultur ved dei vidaregåande skulene, og dette gir også rammene for bruk av midlar frå fonda. Lukka anlegg er likevel for kostbart, både i innkjøp og i nytt personell som skal drifte anlegget. Dette er også grunnen til at vi leiger ut biomassen til kommersielle aktørar.

Undervisning om lukka, semilukka og landbaserte anlegg og miljøteknologi vert gitt teoretisk.

4. Trengs det ei oppdatering av vedtektene slik at dei er ikkje i vegen for innkjøp av lukka merdar?

Svar:

Nei, vedtektene legg ikkje større føringar på bruken enn det som er skissert i svaret over. Oppdateringa er i hovudsak knyta til at vedtektene no er svært ulike mellom dei to skulene som har fond, og at vedtektene juridisk er knyta til dei to tidlegare fylkeskommunane og ikkje til Vestland fylkeskommune.

5. Opnar læreplanen opp for at, med lukka system på plass, slamhandsaming og energiomforming kan også bli ein del av undervisninga?

Svar:

Slamhandsaming har det vore jobba mykje med i næringa for å finne gode løysingar på, og enno viktigare blir det framover med større produksjon på land. I samband med utarbeiding av planar for akvahallar er slambehandling vurdert nettopp fordi det er eit viktig område å gi opplæring i. Mengda slam frå akvahallen vil vere så liten at det er vanskeleg å finne system for slamhandsaming som kan handtere så små mengder slam. Det vil komplisere anlegg, drift og auke kostnader om det i det heile vil vere mogleg å få til. Teoretisk opplæring vert gitt.

Læreplan gir retningslinjer for kva skulen skal gi opplæring i akvakulturnæringa si påverknad på miljø og tiltak for å avgrense påverknad vert vektlagt i opplæringa. I samband med dette har t.d. Måløy vgs. nyleg kjøpt inn utstyr for miljømålingar slik at elevane skal forstå samspelet mellom

oppdrett og miljø. Dei vil no blant anna få praktiske oppgåver med å ta straummålingar og sedimentprøver og analysere resultat.

6. Undervisningskonsesjonane er drifta av kommersielle aktørar. Kan fylkeskommunen oppmode dei til å eksperimentere i ei berekraftig retning for å oppnå ein meir allsidig undervisning og kompetanse retta mot neste generasjonen og ei akvakulturnæring innanfor økologiske tolegrensar?

Svar:

Nei, fylkeskommunen har ikkje slik mynde, men næringa jobbar heile tida med tydelege visjonar og mål om å bli endå meir økologisk berekraftig. Intensjonen med utplassinga er at elevane skal få erfaring frå oppdaterte og velfungerande kommersielle anlegg slik dei vert drifta pr. i dag. Når ny teknologi vert innført og kommersialisert, får også elevane erfaring frå dette ute hos bedriftene.

7. I Tiltak: Følgje opp det næringsmessige arbeidet med regionale fiskerihamner i Vestland, viser eg til svara:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=3469&caseType=Protokoll®istryEntryId=222465&sourceDatabase=>

Er det nokre overskotsmidlar frå 2020 som kan styrkje posten Grøn vekst og klimainnovasjon og øyremerke 250 000 for ei støtteordning for landstraum i fiskerihamner?

Svar:

Fylkesdirektøren svarte i linken ovanfor mellom anna at: "Innovasjon og næringsavdelinga har i budsjettet til seksjon for Grøn vekst, klima og energi ein budsjettpost for Grøn vekst og klimainnovasjon. Frå denne posten vart det i 2020 brukt 4,2 millionar til tilskot til infrastruktur for nullutsleptransport. Om politikarane i Vestland ønskjer det er det mogleg å styrkje denne posten og øyremerke eit beløp for landstraum i fiskerihamner"

8. I Tiltak: Mobilisering til marin forskning og utvikling i bedrifter, under «Korleis»:

Har fylkeskommunen kapasitet og kompetansen til å hjelpe bedrifter å søkje omstillingsmidlar, også internasjonalt som t.d. EU pengar til pilotprosjekt med t.d. lukka anlegg og berekraftig fôr?

Svar:

Pr. i dag har administrasjonen avgrensa kapasitet til å bistå bedrifter til prosjekt og tiltak som skissert over. Fylkeskommunen jobbar heller vanlegvis ikkje med einskild-bedrifter, men fokuserer meir på fellestiltak og tilrettelegging for næringa som heile. Vi har likevel tilsette i administrasjonen med kompetanse på internasjonale program som truleg også kan nyttast til medfinansiering av slike prosjekt. Men, dette krev vanlegvis også både delfinansiering frå fylkeskommunen og ressursar til å køyre prosessar (og å tåle og ikkje vinne fram i konkurransen med mange andre prosjekt som søker si finansiering). Pr. i dag har vi ikkje «frie midlar» eller arbeidsressursar i marin sektor til å arbeide proaktivt på denne måten.

Politiske saker

PS 12/21 Handlingsplan 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtar å vidareføre «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*» som mellombels handlingsplan, fram til «*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» vert sett i verk i etterkant av vedtak i fylkestinget i juni 2021.
2. «*Energi*» og «*Sirkulære forretningsmodellar*» er prioriterte satsingsområde for budsjettposten som er sett av til søkbare midlar.
3. Handlingsplanen vert tilpassa budsjett og økonomiske rammer for 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Verknader for næringslivet av Covid-19 skal ha stor merksemd, behovet for tiltak skal vurderast kontinuerleg.»

Avrøysting

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtar å vidareføre «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*» som mellombels handlingsplan, fram til «*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» vert sett i verk i etterkant av vedtak i fylkestinget i juni 2021.
2. «*Energi*» og «*Sirkulære forretningsmodellar*» er prioriterte satsingsområde for budsjettposten som er sett av til søkbare midlar.
3. Verknader for næringslivet av Covid-19 skal ha stor merksemd, behovet for tiltak skal vurderast kontinuerleg.
4. Handlingsplanen vert tilpassa budsjett og økonomiske rammer for 2021.

PS 13/21 Marin tiltaksplan 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek Marin tiltaksplan 2021.
2. Fylkeskommunen tek ikkje del med fellesstand på ei ev fysisk AquaNor 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF:

«Tillegg:

3. Hovudutval for næring meiner at det er særst viktig å starte raskt opp utviklingsprosjektet «*Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat*» og ber fylkesdirektøren prioritere ei sak om finansiering til neste møte i hovudutvalet.

4. Hovudutval for næring ber om ein status for arbeidet med fiskerihamner inkludert ei eiga sak/orientering med grundigare innblikk i behov og moglegheiter for tilskotsordning for elektrifisering av fiskerihamnene.»

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek Marin tiltaksplan 2021.
2. Fylkeskommunen tek ikkje del med fellesstand på ei ev fysisk AquaNor 2021.
3. Hovudutval for næring meiner at det er særst viktig å starte raskt opp utviklingsprosjektet «Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat» og ber fylkesdirektøren prioritere ei sak om finansiering til neste møte i hovudutvalet.
4. Hovudutval for næring ber om ein status for arbeidet med fiskerihamner inkludert ei eiga sak/orientering med grundigare innblikk i behov og moglegheiter for tilskotsordning for elektrifisering av fiskerihamnene.

PS 14/21 Handlingsplan reiseliv 2021

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring godkjenner handlingsplan reiseliv for 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Sal og marknadsføring, særleg retta mot den norske marknaden, skal ha høg prioritet i 2021 for å sikra inntening og lønsemd, som grunnlag for å nå dei langsiktige måla.»

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring godkjenner handlingsplan reiseliv for 2021.
2. Sal og marknadsføring, særleg retta mot den norske marknaden, skal ha høg prioritet i 2021 for å sikra inntening og lønsemd, som grunnlag for å nå dei langsiktige måla.

PS 15/21 Innspel frå Vestland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2021

Forslag til innstilling

1. Jordbruket i Vestland er viktig for matforsyninga i landet og kan best bidra til norsk matproduksjon, verdiskaping og sjølvforsyning når struktur og produksjon er tilpassa naturressursane.

Vestland fylkeskommune krev at det vert ført ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon på eigne ressursar og auka verdiskaping i Norge. For å sikre at alt areal inkludert beite blir halde i hevd, må grunnlaget for dei små og mellomstore bruka i distrikta styrkast. Landbrukspolitikken må i større grad også ta i vare og fremje dei verdiane landbruket bidreg med, i tillegg til å produsere mat.

Tiltak:

- Innfør tak og trappetrinn på fleire av tilskotsordningane og tak for sum tilskot per bruk
- Betre økonomien på geit- og sauebruk av middels storleik
- Innføre strukturtilskot for ammeku i arealsone 5-7
- Sikre Vestland som frukt og bær fylke
- Sterkare geografiske verkemidlar som støttar opp under små og mellomstore bruk
- Ramma til kompetansenettverka for lokalmat må aukast

2. Investeringsstøtta til mjølkeproduksjonen må aukast, og det er avgjerande for å skape framtidstru, evne og lyst til å satse i næringa.

Midlar til investering- og bedriftsutvikling i mjølkeproduksjonen må doblast i høve til i dag. Det vil seie ei auka ramme på omlag 250 millionar kr på landsplan per år. Denne auka ramma må vere øyremerka for omlegging til lausdrift i mjølkeproduksjonen. Fylka med størst del bås fjøs, må få størst del av ramma.

Maksimalt tilskot i kr og prosent for fjøsar under 30 årskyr må aukast for å gjere det mogleg for mindre bruk å bygge om til lausdrift. Dette er heilt avgjerande for å halde oppe Vestland sin relative del av mjølkeproduksjonen i landet.

Den regionale partnerskapen må få større handlingsrom til å bestemme retningslinjer for bruk av midlane, slik at desse kan tilpassast dei regionale utfordringane.

3. Kunnskap må ligge til grunn for klima- og miljøtiltak i landbruket og dei rette tiltaka må gjerast lønsame for bonden.

Arbeidet med å nå måla i landbruket sin klimaplan må støttast gjennom midlar til forskning og ved at det blir sett inn økonomiske verkemiddel som stimulerer bøndene til å gjere gode tiltak på egne gardar.

Tiltak:

- Ordninga med auka investeringsstøtte ved bruk av tre i landbruksbygg må førast vidare
- Midlane knytt til lager for husdyrgjødsel må inn i den ordinære ramme for investering og bedriftsutvikling i landbruket/IBU
- Stimulere til sirkulærøkonomi, også ved at det kan tildelast investeringsstøtte til brukt utstyr utover mjølkerobot
- Ramma for Regionalt miljøprogram må aukast for å styrke landskapsdelen og gje rom for klimatiltak
- Tilskotssatsane for dyr på beite må aukast
- Tilskotet for å levere husdyrgjødsel til biogassanlegg må aukast
- Stimuleringsiltak for å ta i bruk fossilfrie traktorar og lettare maskiner
- Ramma for å fase ut fossil oppvarming må aukast
- Betre systemet for innsamling av rundballeplast slik at all brukt plast blir returnert
- Sikre god finansiering av kompetansetilbod tilpassa behovet i næringa
- Økonomiske og juridiske verkemiddel må bidra til å løyse ut skogen sitt klimapotensial

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ første avsnitt punkt 1:

Vestland fylkeskommune krev at det vert ført ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon basert på norske og gardane sine ressursar og auka verdiskaping i Norge. Ta i bruk all dyrka jord og nytte utmarksbeite mykje meir. Det vil gje meir levande bygder, matvaretryggleik og auke karbonbindinga i jord. For å sikre at alt areal inkludert beite blir halde i hevd, må grunnlaget for dei små og mellomstore bruka i distrikta styrkast. Landbrukspolitikken må i større grad også ta i vare og fremje dei verdiane landbruket bidreg med, i tillegg til å produsere mat. Det må vere eit mål å auke

sjølvforsyningsgraden til 50% innan fem år. Investeringsmidlar må gå til å utvikle landbruket, gje større mangfald og utnytting av ressursane på garden.»

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V og KrF fram slikt forslag:

«Endring av kulepunkt i punkt 3:

~~Tilskotet for å levere husdyrgjødsel til biogassanlegg må aukast~~ Tilskotet for å levere husdyrgjødsel til biogassanlegg må aukast og det må stimulerast til tiltak for å nytte gjødsel som ein kortreist ressurs

Tillegg av kulepunkt i punkt 1:

- Auk arealstøtte til norsk grovfôr for å stimulere til å hauste og fornye arealressursane.
- Tilskotet må vere på teignivå og den grovmaska soneinndelinga vert avløyst av ein inndeling basert på kartdata.
- Arealutnytting må vere eit kriterium i sentrale føringane for å gi rom for tilpassing til areal og lokale forhold.
- Stimulere til auka grønssaksproduksjon med fleire driftseiningar og større mangfald i produksjon. Dette vil vere ei bra utnytting av ressursar, både med jord og gjødsel, og eit godt bidrag til ein meir variert lokalmatleveranse.

Tillegg i punkt 3 etter kulepunkt «Ramma for Regionalt miljøprogram må aukast for å styrke landskapsdelen og gje rom for klimatiltak»:

Flytt tilskot til grøfting over til det Regionale Miljøprogrammet (RMP) med føresetnaden at det følgjer med ein vesentleg auka pengesum til ordninga.

Tillegg av kulepunkt i punkt 3:

- For å støtte opp om berekraftig produksjon må det vere eit løft for økologisk landbruk i jordbruksavtala.
- Karbonbindande praksis må stimulerast gjennom jordbruksavtala.
- Sett av ressursar til forskning og utvikling av regenerative dyrkingsmetodar i ulike produksjonar under norske forhold for å auke karbonopptak og lagring, samt betring av jordhelsa.
- Stimuleringstilskot for i større grad å nytte berekraftig for til husdyr.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 første avsnitt vart satt opp mot Taylor sitt alternativavsnittsforslag, og Taylor sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 andre avsnitt og punkt 3, vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Taylor sitt forslag om nye tilleggskulepunkt og endring av eit punkt under punkt 3 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Jordbruket i Vestland er viktig for matforsyninga i landet og kan best bidra til norsk matproduksjon, verdiskaping og sjølvforsyning når struktur og produksjon er tilpassa naturressursane.

Vestland fylkeskommune krev at det vert ført ein nasjonal landbrukspolitik som legg til rette for auka matproduksjon basert på norske og gardane sine ressursar og auka verdiskaping i Norge. Ta i bruk all dyrka jord og nytte utmarksbeite mykje meir. Det vil gje meir levande bygder, matvaretryggleik og auke karbonbindinga i jord. For å sikre at alt areal inkludert beite blir halde i hevd, må grunnlaget for dei små og mellomstore bruka i distrikta styrkast. Landbrukspolitikken må i større grad også ta i vare og fremje dei verdiane landbruket bidreg med, i tillegg til å produsere mat. Det må vere eit mål å auke sjølvforsyningsgraden til 50% innan fem år. Investeringsmidlar må gå til å utvikle landbruket, gje større mangfald og utnytting av ressursane på garden.

Tiltak:

- Innfør tak og trappetrinn på fleire av tilskotsordningane og tak for sum tilskot per bruk
- Betre økonomien på geit- og sauebruk av middels storleik
- Innføre strukturtilskot for ammeku i arealsone 5-7
- Sikre Vestland som frukt og bær fylke
- Sterkare geografiske verkemidlar som støttar opp under små og mellomstore bruk
- Ramma til kompetansenettverka for lokalmat må aukast
- Auk arealstøtte til norsk grovfôr for å stimulere til å hauste og fornye arealressursane.
- Tilskotet må vere på teignivå og den grovmaska soneinndelinga vert avløyst av ein inndeling basert på kartdata.
- Arealutnytting må vere eit kriterium i sentrale føringane for å gi rom for tilpassing til areal og lokale forhold.
- Stimulere til auka grønssaksproduksjon med fleire driftseiningar og større mangfald i produksjon. Dette vil vere ei bra utnytting av ressursar, både med jord og gjødsel, og eit godt bidrag til ein meir variert lokalmatleveranse.

2. Investeringsstøtta til mjølkeproduksjonen må aukast, og det er avgjerande for å skape framtidstru, evne og lyst til å satse i næringa.

Midlar til investering- og bedriftsutvikling i mjølkeproduksjonen må doblast i høve til i dag. Det vil seie ei auka ramme på omlag 250 millionar kr på landsplan per år. Denne auka ramma må vere øyremerka for omlegging til lausdrift i mjølkeproduksjonen. Fylka med størst del bås fjøs, må få størst del av ramma.

Maksimalt tilskot i kr og prosent for fjøsar under 30 årskyr må aukast for å gjere det mogleg for mindre bruk å bygge om til lausdrift. Dette er heilt avgjerande for å halde oppe Vestland sin relative del av mjølkeproduksjonen i landet.

Den regionale partnerskapen må få større handlingsrom til å bestemme retningslinjer for bruk av midlane, slik at desse kan tilpassast dei regionale utfordringane.

3. Kunnskap må ligge til grunn for klima- og miljøtiltak i landbruket og dei rette tiltaka må gjerast lønsame for bonden.

Arbeidet med å nå måla i landbruket sin klimaplan må støttast gjennom midlar til forskning og ved at det blir sett inn økonomiske verkemiddel som stimulerer bøndene til å gjere gode tiltak på egne gardar.

Tiltak:

- Ordninga med auka investeringsstøtte ved bruk av tre i landbruksbygg må førast vidare
- Midlane knytt til lager for husdyrgjødsel må inn i den ordinære ramme for investering og bedriftsutvikling i landbruket/IBU
- Stimulere til sirkulærøkonomi, også ved at det kan tildelast investeringsstøtte til brukt utstyr utover mjølkerobot
- Ramma for Regionalt miljøprogram må aukast for å styrke landskapsdelen og gje rom for klimatiltak. Flytt tilskot til grøfting over til det Regionale Miljøprogrammet (RMP) med føresetnaden at det følgjer med ein vesentleg auka pengesum til ordninga.
- Tilskotssatsane for dyr på beite må aukast
- Tilskotet for å levere husdyrgjødsel til biogassanlegg må aukast og det må stimulerast til tiltak for å nytte gjødsel som ein kortreist ressurs
- Stimuleringsiltak for å ta i bruk fossilfrie traktorar og lettare maskiner
- Ramma for å fase ut fossil oppvarming må aukast
- Betre systemet for innsamling av rundballeplast slik at all brukt plast blir returnert
- Sikre god finansiering av kompetansetilbod tilpassa behovet i næringa
- Økonomiske og juridiske verkemiddel må bidra til å løyse ut skogen sitt klimapotensial

- For å støtte opp om berekraftig produksjon må det vere eit løft for økologisk landbruk i jordbruksavtala.
- Karbonbindande praksis må stimulerast gjennom jordbruksavtala.
- Sett av ressursar til forskning og utvikling av regenerative dyrkingsmetodar i ulike produksjonar under norske forhold for å auke karbonopptak og lagring, samt betring av jordhelsa.
- Stimuleringstilskot for i større grad å nytte berekraftig for til husdyr.»

PS 16/21 Oppdragsbrev Innovasjon Norge Vestland 2021

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet til Innovasjon Norge for 2021, med dei rammene og prioriteringane som ligg føre i brevet i vedlegg 1.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 766 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2021.
3. Innanfor denne øymerka ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:
 - Bedriftsnettverk kr 4 000 000
 - Mentortenesta kr 1 500 000
 - Etablerartilskot marknadsavklaring kr 5 000 000
 - Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 65 266 000

Det kan gjerast mindre justeringar i fordelinga mellom postane. Dette skal avklarast i administrative styringsdialogmøter.

4. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjon- og gjennomføringskostnader.

5. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet. Ei sentral oppgåve for Innovasjon Norge Vestland, Vestland fylkeskommune og resten av den regionale partnerskapen vil i 2021 bli utforminga av eit handlingsprogram for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet til Innovasjon Norge for 2021, med dei rammene og prioriteringane som ligg føre i brevet i vedlegg 1.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 766 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2021.
3. Innanfor denne øymerka ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:
 - Bedriftsnettverk kr 4 000 000
 - Mentortenesta kr 1 500 000
 - Etablerartilskot marknadsavklaring kr 5 000 000
 - Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 65 266 000

Det kan gjerast mindre justeringar i fordelinga mellom postane. Dette skal avklarast i administrative styringsdialogmøter.

4. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjon- og gjennomføringskostnader.

5. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet. Ei sentral oppgåve for Innovasjon Norge Vestland, Vestland fylkeskommune og resten av den regionale partnerskapen vil i 2021 bli utforminga av eit handlingsprogram for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.

PS 17/21 Søknad om tilskot til vitensenter

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet gir avslag på søknader om eingongssummar til både Vitensenteret ViteMeir og VilVite. Fylkesutvalet stiller seg positive til søknadene, men manglar investeringsmidlar til formålet i Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Torbjørn Vereide (A) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V, Krf, fram slikt forslag:

«Alternativ:

3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Vestland fylkeskommune gjev investeringstilskot på kr 4 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite. Løyvinga vert finansiert med auka sal av eigedom med kr 10 mill i investeringsbudsjettet for 2021. Dersom rekneskapen for 2020 syner overskot vil fylkestinget vurdere om tilskotet skal finansierast med overskotsmidlar frå 2020-rekneskapen til Vestland fylkeskommune.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet punkt 3 fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, U) og fall.

Vereide sitt forslag vart vedtatt mot 3 røyster (Frp, U).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til ViilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utfrå den økonomiske heilskapen.»

PS 18/21 Nærings- og utviklingsfond i utsette kommunar og regionar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek retningslinjene for nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar/tilskotsordning for utsette kommunar, jamfør vedlegget til saka: «Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - retningsliner».

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Hovudutval for næring vedtek retningslinjene for nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar/tilskotsordning for utsette kommunar, jamfør slik:

Nærings- og utviklingsfond for utsette områder - retningsliner for tilskotsordninga

1. Målgruppe og føremål med ordninga Målgruppe for fondet/tilskotsordninga er kommunar eller deler av kommunar i Vestland med utfordringar som har eller kan føre til store negative og langvarige konsekvensar for næringsliv, busetjing og sysselsetjing. Fondet skal hjelpe kommunane og områda med å finansiere tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling. Føremålet er å styrke næringsgrunnlaget og å bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Regionråd, kommunar, verksemder og andre kan søke om midlar til tiltak saman med andre i målgruppa, åleine eller i samarbeid med fylkeskommunen. Næringssselskap som arbeider på oppdrag for ein eller fleire kommunar kan søke på vegne av aktørar i målgruppa.
2. Krav til søknad Midlane blir lyst ut og søknad skal sendast via regionalforvaltning.no. Følgjande opplysningar må vere med i søknaden:

Opplysningar om søkjar

- a) Den ansvarlege prosjekteigaren sitt namn og organisasjonsnummer
- b) Kven som er kontaktperson.

Økonomi

- c) Kva tilskotsbeløp det vert søkt om
- d) Budsjett med finansieringsplan Skildring av tiltak og forventa resultat
- e) Tiltaket det vert søkt om tilskot til, mellom anna mål og målgruppe

- f) Framdriftsplanen for aktivitetar
- g) Organisering av tiltaket, mellom anna eventuelle samarbeidspartnarar og kva roller dei skal ha
- h) Om tiltaket har forankring i kommunale og fylkeskommunale planar
- i) Resultata ein ventar å oppnå Maksimal støtte frå fylkeskommunen er normalt inntil 50% av totalbudsjettet for tiltaket, eks mva. Godkjend timesats for eige arbeid følgjer Innovasjon Norge sine til ei kvar tid gjeldande reglar. Tal timar skal spesifiserast både i søknad og i rapport/rekneskap for tiltaket. Prosjekt kan normalt ikkje få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer eller har overført til andre.

3. Kriteria for tildeling Områder som har stor arbeidsløyse eller utsikter til stor arbeidsløyse, einsidig næringsliv og der enkeltnæringer har stor betydning for sysselsetjinga vil bli prioritert saman med områder med stor folketalsnedgang. I vurderinga av søknadene skal det leggjast særleg vekt på:

- Auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- Ei berekraftig omstilling og utvikling av næringslivet
- Prosjekt som er nyskapande og framtidsretta
- Om tiltak er forankra i kommunale eller regionale næringsplanar Tilskotet frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjekt ikkje vil bli gjennomført utan tilskot frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid. Det vil bli lagt vekt på at søkar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk og risikofaktorane må vere klargjort. Der det er naturleg skal tiltak koordinerast i høve til bidrag frå andre offentlege aktørar. Hovudutval for næring gjer vedtak om å tildele midlar.

4. Avgrensing i bruk av midlar Tilskotet skal ikkje brukast til:

- a. Driftskostnadar i næringsverksemd og organisasjonar
- b. Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital
- c. Drift av eller investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagte oppgåver som er utført av fylkeskommunen, kommunen eller andre»

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Heen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek retningslinjene for nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar/tilskotsordning for utsette kommunar, jamfør slik:

Nærings- og utviklingsfond for utsette områder - retningsliner for tilskotsordninga

1. Målgruppe og føremål med ordninga Målgruppe for fondet/tilskotsordninga er kommunar eller deler av kommunar i Vestland med utfordringar som har eller kan føre til store negative og langvarige konsekvensar for næringsliv, busetjing og sysselsetjing. Fondet skal hjelpe kommunane og områda med å finansiere tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling. Føremålet er å styrke næringsgrunnlaget og å bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever

vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Regionråd, kommunar, verksemdar og andre kan søke om midlar til tiltak saman med andre i målgruppa, åleine eller i samarbeid med fylkeskommunen. Næringssselskap som arbeider på oppdrag for ein eller fleire kommunar kan søke på vegne av aktørar i målgruppa.

2. Krav til søknad Midlane blir lyst ut og søknad skal sendast via regionalforvaltning.no. Følgjande opplysningar må vere med i søknaden:

Opplysningar om søkjar

- a) Den ansvarlege prosjekteigaren sitt namn og organisasjonsnummer
- b) Kven som er kontaktperson.

Økonomi

- c) Kva tilskotsbeløp det vert søkt om
- d) Budsjett med finansieringsplan Skildring av tiltak og forventat resultat
- e) Tiltaket det vert søkt om tilskot til, mellom anna mål og målgruppe
- f) Framdriftsplanen for aktivitetar
- g) Organisering av tiltaket, mellom anna eventuelle samarbeidspartnarar og kva roller dei skal ha
- h) Om tiltaket har forankring i kommunale og fylkeskommunale planar
- i) Resultata ein ventar å oppnå Maksimal støtte frå fylkeskommunen er normalt inntil 50% av totalbudsjettet for tiltaket, eks mva. Godkjend timesats for eige arbeid følgjer Innovasjon Norge sine til ei kvar tid gjeldande reglar. Tal timar skal spesifiserast både i søknad og i rapport/rekneskap for tiltaket. Prosjekt kan normalt ikkje få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer eller har overført til andre.

3. Kriteria for tildeling Områder som har stor arbeidsløyse eller utsikter til stor arbeidsløyse, ein-sidig næringsliv og der enkeltnæringer har stor betydning for sysselsetjinga vil bli prioritert saman med områder med stor folketalsnedgang. I vurderinga av søknadene skal det leggast særleg vekt på:

- Auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- Ei berekraftig omstilling og utvikling av næringslivet
- Prosjekt som er nyskapande og framtidsretta
- Om tiltak er forankra i kommunale eller regionale næringsplanar Tilskotet frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjekt ikkje vil bli gjennomført utan tilskot frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid. Det vil bli lagt vekt på at søkar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk og risikofaktorane må vere klargjort. Der det er naturleg skal tiltak koordinerast i høve til bidrag frå andre offentlege aktørar. Hovudutval for næring gjer vedtak om å tildele midlar.

4. Avgrensing i bruk av midlar Tilskotet skal ikkje brukast til:

- a. Driftskostnader i næringsverksemd og organisasjonar
- b. Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital

c. Drift av eller investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagte oppgåver som er utført av fylkeskommunen, kommunen eller andre»

PS 19/21 Deltaking i Mineralrådet Vestland - oppnemning av to medlemar til rådet, og orientering om mineralressursar og mineralnæring som saksfelt i fylkeskommunen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at Vestland fylkeskommune vert med i Mineralrådet Vestland, i første omgang i ein periode på 2-3 år. Fylkestinget føreset at rådet har finansiering for sitt arbeid i denne perioden, basert på tidlegare tildeling av midlar.
2. For perioden på 2-3 år ser fylkeskommunen på mineralrådet som ein samarbeidspart (samarbeidsavtale), som for fylkeskommunen skal vere rådgjevande for fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere ei samarbeidsavtale, basert på føringane i denne saka.
3. Fylkestinget får seg førelagt ei ny sak på eit seinare tidspunkt, for å vurdere fylkeskommunen si deltaking i rådet på lengre sikt.
4. For inneverande valperiode oppnemner Vestland fylkeskommune følgjande representantar til 'Mineralrådet Vestland'.
 1. Namn... (medlem)
 2. Namn... (medlem)

Det vert føreset at representantane kan møte med administrativ bisitjar.

5. Fylkestinget tek elles saka til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Det vart samrøystes vedteke at saka vert utsett.

PS 20/21 Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Forslag til innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

PS 21/21 Oppdragsbrev SIVA 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2021 med dei rammer og prioriteringar som ligg føre i vedlegg 1.

2. Vestland fylkeskommune overfører totalt kr 31 625 000 til Siva for 2021.

Overføringa til Siva er finansiert av midlar tidlegare løyvd av hovudutval for næring i PS 11/2020 Partnerskapsavtalar - samarbeidsavtalar 2021-2022, og midlar frå Statsbudsjettet kap. 553, 61.

3. Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det er vert forventa at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet. Siva vil også bli invitert inn i oppfølginga av Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Torbjørn Vereide (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hans familiemedlem sitt i styret i Næringshagen Hardanger. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Han gjekk frå sakshandsaminga.

Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2021 med dei rammer og prioriteringar som ligg føre i vedlegg 1.

2. Vestland fylkeskommune overfører totalt kr 31 625 000 til Siva for 2021.

Overføringa til Siva er finansiert av midlar tidlegare løyvd av hovudutval for næring i PS 11/2020 Partnerskapsavtalar - samarbeidsavtalar 2021-2022, og midlar frå Statsbudsjettet kap. 553, 61.

3. Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det er vert forventa at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet. Siva vil også bli invitert inn i oppfølginga av Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.

PS 22/21 Debattheft 2021, KS spør - Svar frå VLFK

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek dei vurderingar og svar som går fram av saka og sender desse vidare til KS.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Marianne Sæhle (SV) sette fram slikt forslag på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf:

«Merknad

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgruppar som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjone denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Sæhle sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (H).

Uttale til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek dei vurderingar og svar som går fram av saka og sender desse vidare til KS.

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.